



## MØTEBOK

### Styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as

Tidspunkt: fredag 24.11.2017 kl 1300

Stad: Vøringsfoss Hotell, Eidfjord

Møtedeltakarar: Vebjørn Håvardrud (ØNF, frå kl 1430), Steinar Langesæter (Ullensv. FS), Lars Kristian Eidnes (Eidfjord FS, fram til 1400), Knut Sygnestveit (Ulvik FS), Marit Jortveit (Rauland FS frå kl 1530), Eivind Tokheim (Odda FS), Torgils Eide (HG), Sveinung Olsnes (sekretær) og Georg Gjøstein (dagleg leiar)

Forfall: Torleif Fresvik (Røldal FS)

Andre tilstades på møtet: Steinar Lund, Jan Borgnes, Ragnar Ystanes, Erling Bjørkheim, Svein Erik Lund, Oluf Fønnebø, Tor Olav Røysgård

#### Saker til styremøtet

Sak 19/17: Referat og meldingar

Sak 20/17: Reintal-teljingar, utfordringar og resultat

Sak 21/17: Nærare regulering av oppgåver og rolledeling mellom sekretær/fjellstyre

Sak 22/17: Orientering om drifta og økonomi

Sak 23/17: Status teljeprojekt

Sak 24/17: Søre Nordmannsslepa-nasjonale vandrerute??

Sak 25/17: Eventuelt

Sak 26/17: Orientering frå NFS

Sak 27/17: Personalsak (unnateke offentlegheit)

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Vebjørn Håvardrud/s/    Steinar Langesæter/s/

Eivind Tokheim/s/

Marit Jortveit/s/

Lars Kristian Eidnes/s/

Torgils Eide/s/

Knut Sygnestveit/s/

Georg Gjøstein/s/

## Sak 19/17: Referat og meldingar

### **Saksdokument:**

2017.03.15.1.1.Nemd- Uttale om disp fra Hjorteviltforskriften  
2017.03.17.1.1.Utvalet-prøveinnsamling CWD HV 2017  
2017.03.30.1.1.Utvalet-Årsmelding og regnskap utvalet 2016  
2017.09.28-1.1.FMBU-Rullering av Regional plan for Hardangervidda-høyring planprogram  
2017.10.27.1.1.utvalet-Invitasjon og program høstmøte Hardangervidda 2017  
2017.11.01.1.1.DNT-Kartskisser Sammenheng sommerrute og Nordmannslepe (2)  
2017.11.01.1.1.DNT-Søndre Nordmannslepa, invitasjon møte 24 november

### **Saksutgreiing:**

Av desse meldingane er det ynskjeleg med diskusjon om komande rullering av Regional plan. Skal FH sakshandsame dette felles for alle fjellsstyra, eller skal kvart fjellstyre gjere jobben sjølv?

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Kort orientering ved Eivind Tokheim og sekretær

Kort ordskifte i saka.

Sekretær orientera om at det er enkeltsaker som kan bli vanskelege lokalt. Blir ein del jobb å sakshandsame dette felles. Det er og prinsipielt få ting som direkte har noko med SA å gjere i rulleringa av planen.

### **Vedtak:**

Styret ser det som mest teneleg at kvart enkelt fjellstyre handsamar rullering av regional plan kvar for seg.

Styret tek elles orienteringa til vitande og har ikkje merknader til referat frå førre møte.

## Sak 20/17: Reintal-teljingar, utfordringar og resultat

### **Saksdokument:**

Ingen

### **Saksutgreiing:**

Eidfjord Fjellstyre har spela inn at dei ynskjer ei orientering om resultatet av teljingar og reintalet på vidda. Det er pr i dag knytt usikkerheit omkring kvaliteten på teljingar som er gjennomførde og resultatet av desse. Det er og usikkerheit omkring kor stor stamma er.

Som grunnlag for diskusjon vert det ei innleiing av sekretæren i Villreintutvalet Svein Erik Lund. Han vil vere tilgjengeleg for spørsmål. Det vert lagt opp til diskusjon om saka.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Svein Erik lund orienterte om dei ulike teljingane og metodikk, utfordringar og resultat.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande

**Sak 21/17: Nærare regulering av oppgåver og rolledeling mellom sekretær/fjellstyre****Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

FH leverer no sekretariat til alle fjellstyra på vidda (unntateke Eidfjord som leiger sekretariat av kommunen). Nye 5- årige samarbeidsavtaler mellom FH og kvart einskild fjellstyre regulerar imidlertid ikkje nærare arbeidsoppgåvene til sekretæren.

Det er viktig å få eit velfungerande samspel mellom sekretær og fjellstyre. Ei noko nærare regulering av arbeidet er truleg eit nyttig verkty for å oppnå dette. Det er allereide mykje erfaringar å dra nytte av i dette arbeidet. Etersom nokre tilsette er sekretærar for fleire fjellstyre er det naudsynt at fjellstyredrifta blir lagt opp slik at arbeidsmenda er overkommeleg og noko samordna. Ved sidan av dette, så har dei tilsette mykje feltarbeid i tidsrommet 1. juli til 1. oktober og aktivitetsnivået i denne perioden må derfor tilpassast.

Fjellstyret må ha fullt innsyn i drifta og få framlagt for handsaming alle saker som høyrer til på politisk nivå. Samstundes må den tilsette ha innsyn i alle saker og høve til å bygge opp gode fjellstyreaktiv.

Sakshandsamar tilrår at det blir gjennomført ein prosess der politisk valde og tilsette ser på korleis dette kan best regulerast gjennom eit dokument som tek for seg konkrete temaer som e-post rutiner, møtehyppighet /møteplan for året, arbeidstid, og tilgjengelighet og oppgåvefordeling mm. Norges Fjellstyresamband har under utarbeid ein instruks for dagleg leiar for fjellstyra der ein nok kan hente ein del moment.

**Framlegg til vedtak**

Det blir utnemnd ei arbeidsgruppe med deltakarar frå styre og administrasjon som har som mandat å utforma ein standard mal som regulerar rolledeling mellom sekretariat og fjellstyre. Dette blir lagt fram for handsaming på neste styremøte i FH.

**Referat:**

Dagleg leiar orienterar om bakgrunnen for saka og tankar om vidare arbeid.

Ordsките:

*Knut Sygnestveit:* fordel at det er ein mal for arbeidet. Stor utskifting i styra- fordel med betre oversikt når nye kjem inn. Støttar forslag til vedtak.

*Steinar Langesæter:* fordel for begge partar- støttar framlegget.

*Eivind Tokheim:* Odda er no i oppstarten på å ha tilsette. Ser utfordringar med å få ting på plass og meiner dette vil vere til hjelp. Litt av utfordringa er å få sekretærhjelp når ein treng det. Spesielt i sommarsesongen.

*Vebjørn Håvardrud:* viktig at fjelslyra å tilsette får arbeidet til å flyte – dette kan bidra til det.

*Steinar Langesæter:* Positivt at dette arbeidet no kjem i gang og bra med ein klar mal for framtida.

*Jan Borgnes:* NFS arbeider med dette og ynskjer samarbeid her.

*Vebjørn Håvardrud:* meiner dagleg leiar og sekretær bør vere med i ei arbeidsgruppe.

*Steinar Langesæter:* føreslår Vebjørn Håvardrud og Eivind Tokheim som medlemmer frå styret.

### **Vedtak:**

Det blir utnemnd ei arbeidsgruppe med deltakarar frå styre og administrasjon som har som mandat å utforma ein standard mal som regulerar rolledeling mellom sekretariat og fjellstyre. Dette blir lagt fram for handsaming på neste styremøte i FH.

Medlemmer i arbeidsgruppa vert: Vebjørn Håvardrud, Eivind Tokheim, Georg Gjøstein og Sveinung H. Olsnes

Samrøystes

## Sak 22/17: Orientering om drifta og økonomi

**Saksdokument:** Ingen

### **Saksutgreiing:**

Det blir ei orientering frå dagleg leiar om drifta og økonomien i inneverande driftsår.

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Dagleg leiar orienterer.

Arbeidet i 2017 har i stor grad vore i tråd med planen. Det har vore stor aktivitet og som døme vert det trekt fram arbeid i jakta der HF har stått for over 1000 felttimar av totalt 1400.

Inntektssida er for ein stor del i tråd med budsjettet med noko meir inntekter frå tenestetal til Miljødirektoratet enn budsjett.

Kostnadssida ligg an til å bli noko større enn budsjettet. Dette kjem av større kostnader på fleire budsjettpostar, men kan i stor grad tilskrivast høgare lønns-, diett- og køyrekostnader som følgje av stor aktivitet.

Det er derfor stor sansynlegheit for at ein går mot eit underskot i år. Det er ikkje dramatik i dette sidan ein har overskot frå tidlegare år å gå på.

Ordskifte:

*Steinar Langesæter:* Ullensvang har hatt stor byggeaktivitet i det seiste og ynskjer å vite om HF er interessert i å utføre slike oppdrag.

*Georg Gjøstein:* HF er absolutt interessert i dette og viser til at HF utfører mange slike oppdrag for fleire av fjellstyra.

*Vebjørn Håvardrud:* meiner ein godt kan tole eit dårleg år sidan ein har hatt fleire gode og at det er naturleg med svingingar innanfor eit avgrensa område.

*Georg Gjøstein:* det er utfordrande å ha arbeid gjennom heile året. Bygging og vedlikehaldsoppgåver er viktig arbeid om vinteren for å få ei god drift.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 23/17: Status teljeprojekt

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

NINA kunne dessverre ikkje legge fram tal frå 2017 til møtet.  
Sekretær orienterar om det som er gjort i 2017 og planen vidare.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 24/17: Søre Nordmannsslepa-nasjonale vandrerute??

**Saksdokument:**

Invitasjon til møte frå DNT  
Kartskisser utarbeidd frå DNT

**Saksutgreiing:**

**Innleiing/bakgrunn:**

DNT har lagt fram eit prosjekt som tek sikte på å få definert Søndre Nordmannsslepa som Historisk Vandrarrute. Riksantikvaren og DNT har gått saman om å skilte og merke ein del historiske vandrarruter i Noreg. Nokon er allereie merka og andre er på gang. Målet er å kombinere kulturarv og naturopplevingar.

DNT vurderer no om Søndre Nordmannsslepa eignar seg for slik merking og har starta opp eit forprosjekt med sikte på å avklare dette.

DNT ynskjer derfor dialog med forvaltninga og andre aktørar på Hardangervidda for å undersøke om slik merking er ynskjeleg og mogeleg.

Søndre Nordmannsslepa er vel kjend for dei fleste og går frå Kinsarvik til Veggli. I følgje DNT går det merka DNT sti oppå 60-70% av slepa. Strekninga vert oppgjeven til å vere totalt ca 15 mil.

Det vert vidare vist til vedlagde informasjon frå DNT.

DNT har invitert forvaltninga og andre interesser til møte der dei ynskjer å diskutere denne saka. DNT ynsker i dette møtet svar på ein del punkt (utklypp frå møteinvitasjon):

- *Forvaltningen av villreinen og nasjonalparken er streng og kompleks, og DNT Drammen og Omegn ønsker ikke å gjennomføre tiltak som forstyrrer villreinen utover det ferdselet gjør i dag.*
- *Formålet med eventuelt å skilte Slepa er ikke å trekke flere folk enn i dag til Hardangervidda. DNT Drammen og Omegn kan derimot ikke garantere at økt ferdsel ikke vil bli resultatet.*
- *Merking av Søndre Nordmannsslepa vil ikke medføre flere parallelle stier over sentrale Hardangervidda. DNT-systemet er villig til å legge ned eksisterende stier i området dersom man går inn for å skilte Søndre Nordmannsslepa.*
- *Formålet med eventuelt å skilte Slepa er å synliggjøre nasjonalt viktige kulturminner langs ruta, og å høyne friluftsopplevelsen hos fjellvandrere ved å kanalisere dem inn på ei slepe der det har vært ferdsel siden steinalderen.*

#### **Vurdering av saka:**

DNT ynskjer i sin invitasjon til møte svar på ein del punkt som lista opp over.

I punkt ein skriv DNT at dei «*ikke ønsker å gjennomføre tiltak som forstyrrer villreinen utover det ferdselet gjør i dag*». Dersom ein ser på kva som ligg i forslaget til DNT kan sakshandsamar vanskeleg sjå at tiltaket som her er skissert kan gjennomførast utan at det vil medføre meir forstyrring av villreinen. Å etablere ei ny, merka løype, over areal det i dag ikkje er organisert ferdsle vil nødvendigvis auke påverknaden på villreinen. Sett i dette lyset er det vanskeleg å ikkje ta fram at DNT her motseier seg sjølv svært kraftig ved å ta inn dette punktet.

I punkt to skriv dei at det ikkje er eit mål å auke ferdsla på vidda, men at ein ikkje kan garantere at dette ikkje vert resultatet.

Ein må kunne anta at ferdsla vil auke noko dersom det vert lagt godt til rette for nye «oppleingar» på Hardangervidda. Målet med all tilrettelegging for turisme er vel auka aktivitet?

DNT skriv i punkt tre at «*merking av Søre Nordmannsslepa (SN) ikke vil medføre flere parallelle stier over sentrale Hardangervidda. DNT er villig til å legge ned eksisterende stier i området dersom man går inn for å skilte Søndre Nordmannsslepa*».

Dersom DNT meiner alvor med dette punktet så betyr det at heile DNT løypa frå Bremafoten til Lågaros Turisthytte må bli lagt ned. Ein kan vanskeleg sjå for seg at DNT ikkje skal ha

løype inn til Lågaros TH og ein må derfor forvente at dette vert to parallelle stiar. Kva er tenkt over Lågen ved Lågaros? Her må ein vel forvente at det vert krav om å bygge bru for at fotturistane skal kome over. Resultatet vert større ferdsle over vassdraget og inn i eit område der det i dag er svært liten aktivitet. Øvre Numedal Fjellstyre har lagt begrensingar på sine jegerar med fredningssone i dette området nettopp for at reinen skal kunne krysse over å kome inn på nordsida av Lågen. Dersom ein opnar opp området for meir fotturisme vil ikkje dette gagne målet om å få reinen til å nytte dette området.

Når det gjeld området frå Lågaros til Hette så går SN gjennom det beste jaktområdet til Øvre Numedal Fjellstyre. Sidan Lågaros TH ligg der ho ligg må ein forvente at det her vert to parallelle stiar som då vil føre til større press på reinen i dette området.

Generelt vil ei etablering av ei ny merka løype føre til meir aktivitet i form av både tilrettelegging, krav om klopplegging, skilting, bruer osv. Dette vil føre til stor aktivitet både i etableringsfasen og ved ettersyn/vedlikehald.

I seiste kulepunkt peikar DNT på at «*Formålet med eventuelt å skilte Slepa er å synleggjøre nasjonalt viktige kulturminner langs ruta, og å høyne friluftsopplevelsen hos fjellvandrere ved å kanalisere dem inn på ei slepe der det har vært ferdsel siden steinalderen.*»

Slik sakshandsamar ser det vil ikkje fordelane med ei etablering av ei slik løype oppvege for dei negative konsekvensane det vil få for villreinen. Det er fullt mogeleg for dei som er interessert å gå denne traseen slik det er i dag, lik dei som har gjort dette i årtusna før oss.

#### **Konklusjon:**

Sakshandsamar kan ikkje sjå at etablering av ei nasjonal vandrarute med merking og tilrettelegging av Søre Nordmannsslepa vil vere foreneleg med omsyn til god forvaltning av villreinens leveområde. Å legge til rette for nye, merka løyper i verneområdet vil etter sakshandsamar si vurdering vere direkte skadeleg for villreinens mogelegheit til å forflytte seg uforstyrta. Ein må kunne forvente at merking av ei ny rute også vil utløyse krav/ynskjer om å etablere infrastruktur i form av bruer, klopper, skilt mm som og fører til auka ferdsle.

Det vert her ikkje bruka tid på å dokumentere at menneskeleg aktivitet påverkar reinens adferd, då dette er vel kjent.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyra på Hardangervidda ynskjer ikkje at det vert arbeid vidare med planane for å gjere Søre Nordmannsslepa til nasjonal vandrarute og merke denne. Fjellstyra på Hardangervidda meiner omsynet til villreinen ikkje kan ivareta dersom dette tiltaket vert gjennomført.

#### **Referat:**

Orientering ved sekretær og styreleiar

Ordsifte:

*Steinar Langesæter:* Meiner dette er eit lite smart opplegg frå DNT i lys av den tida me no er i. Siterar vidare rapport ift ferdsle frå vikingtida og meiner heile slepa er eit automatisk freda kulturminne. Det er ikkje godt å vite kor stor ferdsle kan bli her på sikt- viser til Dronningstien. Støttar framlegg til vedtak.

*Vebjørn Håvardrud:* Støttar framlegg til vedtak. Er ikkje interessert i nye løyper eller tiltak som legg til rette for auka ferdsle på eksterior. Viser vidare til ferdsleprosjektet og at ein i det minste må ha dette klart før ein kjem med ynskje om utviding av løypenett.

*Georg Gjøstein:* auka ferdsle og tilrettelegging fører til etablering av tekniske installasjonar. Harmonerar ikkje med DNT sin miljøprofil.

*Steinar Langesæter:* viser til Torehytta og utbygging der. Opplevde ikkje at DNT tok fjellstyret sin argumentasjon på alvor. Redd for det same her.

*Vebjørn Håvardrud:* har og registrert at DNT kan vere lite lyttande til andre sine interesser.

Styret samlar seg om forslag til vedtak.

**Vedtak:**

Fjellstyra på Hardangervidda ynskjer ikkje at det vert arbeidd vidare med planane for å gjere Søre Nordmannsslepa til nasjonal vandrarrute og merke denne. Fjellstyra på Hardangervidda meiner omsynet til villreinen ikkje kan ivareta dersom dette tiltaket vert gjennomført.

Sak 26/17: Orientering frå NFS

**Saksdokument:**

Ingne

**Saksutgreiing:**

Orientering ved Jan Borgnes

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

Orientering om NFS sitt arbeid v Jan Borgnes.

Sekretær sender ut presentasjon til møtedeltakarane.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 25/17: Eventuelt

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

Steinar Langesæter ynsker på vegne av Ullensvang FS at det vert sett i gang eit arbeid for å sjå på organiseringa av Fellesfiskekortet til fjellstyra på vest på ny.

Det vert føreslege at sekretær i samråd med sekretæren i Ullensvang organiserar arbeidet og legg fram ei sak på neste møte.

**Vedtak:**



Sekretær får ansvar for å sjå på ordninga med felles fiskekort for fjellstyra i vest. Det sjåast på organisering, fordeling av kostnader og inntekter samt historikken rundt opplegget. Sekretæren i Ullensvang fjellstyre skal bistå i arbeidet.

Sak 27/17: Personalsak (unnateke offentlegheit)